



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/17	Helse- og sosialutvalet	25.04.2017

### Høyringsuttale - refusjon mellom kommunar

#### Bakgrunn for saka:

Gjeld høyringsuttale til framlegg frå Helse-og omsorgsdepartementet om refusjon mellom kommunar etter institusjonsopphald.

Høyringsfrist 15.04.17

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om kommunale helse-og omsorgstenester, § 11-1
- Forskrift om kommunal dekking av utgifter til helse-ogomsorgstenesten (1348 av 6.12.2011)

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

#### Vedlegg i saka:

Høyringsbrev om refusjon mellom kommuner	1345812
Høyringsnotat om refusjon mellom kommuner	1345813

#### Saksopplysningar:

Helse-og omsorgsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg om å oppheve forskrift om kommunal dekking av utgifter til helse og omsorgsteneste, samt oppheve forskriftsheimelen i helse-og omsorgstenestelova § 11-1 om refusjonsordning mellom kommunar.

I dag er det slik at den kommunen som er heimkommune før opphald i institusjon også har betalingsansvar etter opphaldet dersom vedkomande vel å busette seg i anna enn tidlegare heimkommune.

Grunngjevinga for oppheving er mål om å gjennomføre opphaldsprinsippet fullt ut for dei kommunale helse-og omsorgstenestene, samstundes som oppheving av forskrita vil medføre

forenkling og meir oversikteleg regelverk.

Prinsippet i lova er at opphaldskommunen er ansvarleg for både å yte tenester og dekkje kostnaden ved dette. Refusjonsordning knytt til avslutta institusjonsopphald er såleis eit avvik frå prinsippet i lova.

I høyringsbrevet vert det vist til at refusjonsordninga ikkje gjeld verksemder som ikkje er definert som institusjon og at kommunar med instiutsjonsliknande tilbod dermed ikkje har same økonomiske skjerming som institusjonskommunar.

I brev av 21.03.2014 vart kommunane kjend med at Helse-og omsorgsdepartementet i samråd med lovavdelinga i Justisdepartementet hadde konkludert med at det er manglande heimelsgrunnlag i den nye helse-og omsorgstenestelova for forskrift om refusjonsordnign mellom knommunar i etterkant av institusjonsopphald.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Stryn kommune støttar departementet sitt framlegg til oppheving av forskrifta og fjerning av lovheimelen for refusjon mellom kommunar. Opphaldsprinsippet bør bli gjeldande full ut, slik lovverket elles legg opp til for kommunen sine forpliktingar for helse-og omsorgstenester.

Reindyrking av prinsippet om opphaldskommunen sitt ansvar gjev meir oversiktlege reglar og eit enklare juridisk og administrativt system. Det bør vere færrast mogleg avvik frå hovudprinsippet i lova om opphaldskommunen sitt ansvar for tenester.

Det er uheldig at det ikkje er same instans som har ansvar for tildeling, utføring og finansiering av tenester, og at betalingsansvaret kan løpe over mange år utan inverknad på innhald og omfang.

Det bør ikkje vere andre reglar knytt til flytting mellom kommunar for den som har budd i insitusjon enn for andre innbyggjarar.

#### **Helse- og sosialutvalet 25.04.2017:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

#### **HS- 023/17 Vedtak:**

Stryn kommune støttar departementet sitt framlegg til oppheving av forskrifta og fjerning av lovheimelen for refusjon mellom kommunar. Opphaldsprinsippet bør bli gjeldande full ut, slik lovverket elles legg opp til for kommunen sine forpliktingar for helse-og omsorgstenester.

Reindyrking av prinsippet om opphaldskommunen sitt ansvar gjev meir oversiktlege reglar og eit enklare juridisk og administrativt system. Det bør vere færrast mogleg avvik frå hovudprinsippet i lova om opphaldskommunen sitt ansvar for tenester.

Det er uheldig at det ikkje er same instans som har ansvar for tildeling, utføring og finansiering av tenester, og at betalingsansvaret kan løpe over mange år utan inverknad på innhald og omfang.

Det bør ikkje vere andre reglar knytt til flytting mellom kommunar for den som har budd i insitusjon enn for andre innbyggjarar.

